

# Spennande om klassiske mytar

Kjennskap til klassisk kultur gir òg kunnskap om vår eigen kultur. Difor er Rønnaug Kleiva si bok om greske gudar og gudinner på sin plass. Den enkle boka inneheld godt med fakta om verda dei gamle grekarane såg for seg, med lynsvingaren Zevs som overhovud på Olympen. Men eg saknar alle heltesogene.

Kven har ikkje høyrte om Hades (dødsriket), om Orfevs og Evrydike eller om Troja-krigen? Til alle tider har kunstnarar skapt kunst, musikk og litteratur rundt dei greske gude- og heltesogene. Rønnaug

Kleiva set dei inn i ein samanheng, og fortel om gudane som livs levande personar. Som ein såpeopera frå minnelege tider får vi skildringar av hevntog og drap, misunningskjærleik, sex, valdtekt, intrigar og maktkamp.

Det er merkeleg kor skryvartnaren og lynsvingaren Zevs og dei andre gudane på Olympen minner om Odin, Tor og dei norrøne gudane frå

---

## BOK

Rønnaug Kleiva:  
*«Greske gudar og gudinner»*  
105 sider  
Det Norske Samlaget  
Oslo, 1996

---

vår kant av verda. Og det er merkeleg kor menneskelege dei alle verkar – etter kvart som personlegdomen deira vert skildra. Om du ikkje visste det, hadde krigen i Troja bakgrunn i ein strid mellom gudinnene Athene, Hera og Afrodite om kven som var vakrast. Kjærleiksgudinna Afrodite lova trojanarprinsen Paris den vakraste av alle dødelege, Helena, om han peika ut henne som den vakraste. Det gjorde han, og med hjelp av Afrodite kidnappa han Helena, som var gift med ein gresk konge. Det vart opphavet til ein lang krig.

Dei greske skapingsmytane



Boka er illustrert med flotte klassiske bilete.

som innleier boka, er vakrare enn dei norrøne. Der Erebos (mørkret) frigjer seg frå Kamos (tomrommet) og omfamnar Nyx (natta). Slik føddest Eros (kjærleiken), og jorda og himmelkvelvingen vart til.

«Greske gudar og gudinner» er ei lærerik og spennande bok om mytar som har påverka vår kultur –

flott illustrert med klassiske bilete. Forfattaren peikar sjølv på at det ikkje har vore plass til heltesogene i den korte mytologiframstillinga i Samlaget sin gåvebokserie. Det er dei sogene eg saknar. Fleire fascinerande forteljingar som leier deg inn i ei anna verd. Sjølv kom eg berre halvvegs til Olympen.

● ANN KRISTIN FRØYSTAD